

Dato: 20.04.2012
Saksnr.: 2012/694
Løpenr.: 9959/2012
Arkiv: C60
Sakshandsamar: Aud Grimstveit

HØYRING - FORSLAG TIL ENDRINGER I LOV 20. DESEMBER 1985 NR. 108 OM FOLKEBIBLIOTEK

Saksnr	Utval	Møtedato
25/12	Levekårsutvalet	02.05.2012

SAKSUTGREIING:

Kommunane er blant høyringsinstansane i "Forslag til endringer i lov om folkebibliotek". Gjeldande lov er frå 1985: "Lov 20. desember 1985 nr. 108 om folkebibliotek". Forslaget er i hovudsak ei oppfølging av St.meld nr. 23 (2008-2009) *Bibliotek. Kunnskapsalmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid* (bibliotekmeldinga), som vart lagt fram i 2009.

Høyringsdokumenta er lagt ut på nettstaden til Kulturdepartementet, sjå www.regjeringen.no/nb/dep/kud/dok/hoeringer. Lovteksten slik han er foreslått følgjer som vedlegg. Teksten i kursiv er for ein stor del formuleringar som følgje av utviklinga på sektoren sidan loven vart vedteken. Ein vil då særleg trekkje fram tre paragrafar.

Merknad til § 1:

Forslaget inneber ei styrking av formålsparagrafen. ved at det blir slått fast at folkebiblioteka skal vere ein møteplass og arena for offentleg samtale og debatt. Dette forpliktar folkebiblioteka til aktiv formidling og marknadsføring av eigne tenester og styrkjer deira samfunnsmandat.

Merknad til § 5:

Heilt sidan krav om fagutdanning – fagutdanna bibliotekar i kommunar over 8.000 ib. - første gong kom inn i bibliotekloven har mange kommunar brote loven på dette punktet. Etter kvart har ein likevel fått ei positiv utvikling, også på personalsida, i svært mange kommunar.

Gjeldande biblioteklov slår fast: *"Alle kommuner skal ha fagutdannet biblioteksjef. Departementet kan dispensere fra bestemmelsen i denne paragraf og gi nærmere forskrifter om kvalifikasjonskrav og overgangsordninger."*

122 kommunar – alle med færre enn 5.000 ib. - har framleis biblioteksjef utan fagutdanning. Av desse er det 62 som har dispensasjon, medan 60 bryt loven på dette punktet. Erfaringa viser at det ofte er dei same kommunane som søker dispensasjon om att og om att. Utdanningsopplegget som er knytt til dispensasjonen blir og i liten grad gjennomført. Dette er bakgrunnen for at departementet ønskjer ei endring når det gjeld kompetansekrav. Høyringsnotatet drøftar to alternativ:

"Alternativ 1

Kompetanse

Alle kommuner skal ha fagutdannet biblioteksjef.

Departementet gir nærmere forskrifter om kvalifikasjonskrav.

Alternativ 2

Personell

Alle kommuner skal ha biblioteksjef.

Departementet gir nærmere forskrifter om funksjonskrav knyttet til biblioteksjefstillingen."

Alternativ 1 foreslår altså å fjerne høvet til dispensasjon. Dette vil leggje eit større press på kommunane til å finne alternative løysingar, t.d. ved samarbeid mellom fleire kommunar om drift av

biblioteket. I alternativ 2 knytter ein funksjonskrav til biblioteksjefstillinga i staden for utdanningskrav. Funksjonskrav vil vere i forskrifts form, medan fagutdanninga i alternativ 1 er i lovs form.

Alternativ 1 vil såleis vere meir forpliktande overfor kommunane enn alternativ 2. Departementet foreslår at ein held på kompetansekravet, slik det framgår i alternativ 1 og ønskjer med dette å oppnå ei meir offensiv haldning i kommunane.

Å få fagutdanna bibliotekarar til å søkje stilling som biblioteksjef i alle våre små utkantkommunar er – og vil fortsatt bli - uråd. Departementet ser nok og det , men håpar vel at ein ved å halde på kompetansekravet kan presse fram organisatorisk samarbeid mellom fleire kommunar. Ein treng ikkje vere spesielt klarsynt for å fastslå at dette vil ta tid. I praksis må ein nok rekne med at mange kommunar framleis vil bli lovbrytarar i ei årrekkje, om departementet sitt syn vinn fram.

Merknad til § 6-7:

Fylkesbiblioteka var lenge eit "bibliotek i biblioteket", der personalet som oftast hadde tilhald i det største folkebiblioteket i fylket. Fylkesbiblioteket hadde eiga samling, eller – som i Rogaland - ytte fylket eit stort tilskot til vertsbiblioteket for at samlinga der skulle bli betre rusta til å låne ut til dei andre biblioteka i fylket. Det som ikkje kunne dekkjast innanfor samlinga i fylkesbibliotek/vertsbibliotek var det fylkesbiblioteket sitt ansvar å bestille. Fjernlån er framleis ein av grunnpillarene i folkebiblioteksystemet. Med alle bibliotekatalogar på nettet er biblioteka nå sjølvhjelpne med bestillingar, medan fylkesbiblioteka si rolle i lånesamarbeidet ofte er å subsidiere regionale fraktordningar.

Fylkesbiblioteka har for lenge sidan flytta ut av vertsbiblioteka og inn i fylkesadministrasjonen. Det er heller ikkje så tette skott mellom bibliotekområdet og resten av kulturområdet i fylkeskommunen. Dette er og i godt samsvar med det utvida verkefeltet til biblioteka. Likevel er det viktig at fylket sitt ansvar i biblioteksamheng er klart nedfelt i lov. Det er godt ivaretatt i forslaget.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Levekårsutvalet i Tysvær kommune ser i det store og heile positivt på endringane som nå er foreslått i lov om folkebibliotek. Formuleringane er både framtidsretta og med ei god oppdatering av bibliotekutviklinga sidan forrige revisjon.
2. Heilt sidan kompetansekrav kom i lovs form har mange kommunar ikkje oppfylt lovens bokstav. Loven har likevel vore eit pressmiddel for å få ei personalutvikling på biblioteket også i små og mellomstore kommunar. Fjernar ein kravet om fagutdanna biblioteksjef i alle kommunar, må ein rekne med at det framleis blir "lovause tilstandar" mange stader. Levekårsutvalet trur ikkje ei vidareutvikling av folkebiblioteka i dei kommunane som nå bryt lova vil gå raskare ved å fjerne høvet til dispensasjon enn om ein knytter kompetansekrav til stillinga. Ein ønskjer difor at § 5 skal ha denne ordlyden: "Personell. Alle kommuner skal ha biblioteksjef. Departementet gir nærmere forskrifter om funksjonskrav knyttet til biblioteksjefstillingen".

Arvid S. Vallestad
rådmann

Aud Grimstveit
biblioteksjef

BEHANDLING I LEVEKÅRSUTVALET - 02.05.2012

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK I LEVEKÅRSUTVALET - 02.05.2012

1. Levekårsutvalet i Tysvær kommune ser i det store og heile positivt på endringane som nå er foreslått i lov om folkebibliotek. Formuleringane er både framtidsretta og med ei god oppdatering av bibliotekutviklinga sidan forrige revisjon.
2. Heilt sidan kompetansekrav kom i lovs form har mange kommunar ikkje oppfylt lovens bokstav. Loven har likevel vore eit pressmiddel for å få ei personalutvikling på biblioteket også i små og mellomstore kommunar. Fjernar ein kravet om fagutdanna biblioteksjef i alle kommunar, må ein rekne med at det framleis blir "lovlause tilstandar" mange stader. Levekårsutvalet trur ikkje ei vidareutvikling av folkebiblioteka i dei kommunane som nå bryt lova vil gå raskare ved å fjerne høvet til dispensasjon enn om ein knytter kompetansekrav til stillinga. Ein ønskjer difor at § 5 skal ha denne ordlyden: "Personell. Alle kommuner skal ha biblioteksjef. Departementet gir nærmere forskrifter om funksjonskrav knyttet til biblioteksjefstillingen".

Vedlegg:

Forslag til endringer i lov 20. desember 1985 nr. 108 om folkebibliotek